

Referat frå styremøte i Sunnfjord Kajakklubb 18.06.02

Tilstades: Rune Berge, Geir Alden, Terje Sæle, Tore Gjelsvik, Terje Hanekam og Tove Bjørnseth

Fråfall: Laila Hjellvoll

Sak: Bygging av klubbhus (naust) på Øyrane

Rune orienterte: Det er uvisst kortid vi får tippemiddlane til klubbhuset. Rune hadde forventa at vi fekk dei i år, men det viser seg no at det kan ta 2-4 år før vi får dei.

Den økonomiske stoda til klubben pr dags dato:

Vi får kr. 10 000 i kulturmiddlar i år.

Vi får inn ca. kr. 5000 i medlemskontingent i år.

Rune har kr. 17 000 utestående i klubben som han ynskjer tilbakebetalt.

Sidan vi ikkje får tippemiddlane når vi hadde forventa det, vert vi nøydde til å ta opp lån. Det blei einigheit om at vi skulle søkje om å låne kr. 50 000 i Sparebanken S. og Fj. Til å finansiere renter og avdrag skal vi bruke leigeinntekter frå kajakkbasen. I tillegg blei vi einige om å ta opp medlemslån, ved å skrive brev til medlemmane og be om lån. Rune skal sende ut slike brev i slutten av juli. Det må også lagast gjeldsbrev. Dei medlemmane som er villig til å gje klubben lån må premierast ved at dei får låne kajakkbilleg eller gratis alt etter storleiken på lånesummen.

Vi diskuterte litt utleigeprisar på kajakkbilleg til medlemmane og kom fram til følgjande forslag:

Døgnleige: kr. 100

Helgeleige: kr. 200

Vekesleige: kr. 400 pr.veke + kr. 50 for kvar dag utover det.

Det blei diskutert litt kva vi skulle ta i leige frå kajakkbasen for at dei skal få oppbevare kajakkar og hengar i naustet. Det må vere ein sum som tilsvarar våre utgifter på lånet pr. månad.

Ref. Tove Bj.